

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvalet  
Sak nr.: 14/2842-1

### Årsmelding 2013 - Kontrollutvalet

#### Framlegg til vedtak:

##### Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Årsmelding 2013 for kontrollutvalet vert godkjent slik den ligg føre.

##### Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Årsmelding 2013 for kontrollutvalet vert teken til orientering.

#### Vedlegg:

- Årsmelding 2013 - Kontrollutvalet

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

Kontrollutvalet har rapporteringsansvar overfor fylkestinget, jfr. Kommunelova § 77 nr. 6.

«Årsmelding 2013 – Kontrollutvalet» er utarbeidd for å gje fylkestinget oversikt over utvalet sitt arbeid i 2013.

Kontrollutvalet får årsmeldinga til handsaming og gjer dei endringar som utvalet meiner er rette for at meldinga skal gje eit rett bilete av utvalet sitt arbeid i 2013.

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga, og den går deretter som orienteringssak til fylkestinget.

#### **Konklusjon/tilråding**

Kontrollsjef tilrår at kontrollutvalet vedtek årsmeldinga og sender den vidare til fylkestinget som orienteringssak.